



Endra takst- og rabattsystem i Bømlopakken

Gjennom handsaming av Prop. 1 S Tillegg 2/Innst. 13 S (2015-2016) har Stortinget slutta seg til regjeringa sitt forslag om å innføre eit nytt standardisert takst- og rabattsystem for bompengeprojekt. Målet med omlegginga til nytt system er å effektivisere og å gjere bompengeinnkrevjinga enklare.

Innføring av nytt takst- og rabattsystem fører til følgjande endringar frå 01.02.19:

- Køyretøy i takstgruppe 1 med elektronisk brikke og gyldig avtale får automatisk 20 prosent rabatt. Køyretøy i takstgruppe 2 får ingen rabatt.
- Noverande tilleggsavtalar hos Bømlø vegselskap AS for å oppnå lokal rabatt på 30-50 prosent rabatt blir avvikla.

Sluttavrekning og eventuelt beløp ein har til gode på tilleggsavtaler blir tilbakeført seinast tre månadar etter endring.

Tabell 1: Ordinære bompengetakstar for Bømlopakken etter omlegginga til nytt takst- og rabattsystem

	Takstgruppe 1	Takstgruppe 2
	Fullpris	Fullpris
Bømlopakken	Kr. 69	Kr. 164

Takstgruppe 1: Køyretøy med tillaten totalvekt til og med 3500 kg, samt køyretøy i køyretøy-kategori M1 med elektronisk brikke og gyldig avtale.

Takstgruppe 2: Køyretøy med tillaten totalvekt frå 3501 kg, ekskl. køyretøy i køyretøykategori M1 med elektronisk brikke og gyldig avtale.

Passeringstak

Køyretøy i takstgruppe 1 får passeringstak på 30 passeringar kvar kalendermånad. Køyretøy i takstgruppe 2 får passeringstak på 40 passeringar kvar kalendermånad. Passeringstaket er maksimalt tal passeringar eit køyretøy skal betale for kvar kalendermånad.

Nullutsleppskøyretøy

I tråd med føringane frå Prop. 87 S (2017-2018) og lokale vedtak, vert det innført bompengavgift for nullutsleppskøyretøy i Bømlopakken. Nullutsleppskøyretøy er ei fellesnemning på elbilar og hydrogenbilar. Betaling av bompengar som nullutsleppskøyretøy krev gyldig AutoPASS-avtale og elektronisk brikke. Utan gyldig avtale og brikke, vil nullutsleppskøyretøy betale ordinær bompengetakst på lik linje med andre køyretøy.

Nullutsleppskøyretøy skal frå 01.02.2019 betale 50 pst. av taksten for takstgruppe 1 etter rabatt: 27,60 kroner i bomstasjonen på Spissøy. På ferjesambandet Langevåg-Buavåg skal nullutsleppskøyretøy betale 50 pst. av taksten for konvensjonelle køyretøy. Lokale myndigheiter har slutta seg til ordninga.

Timeregel

I tråd med lokale vedtak vert ordninga med timeregel fjerna frå 01.02.2019.

Fritak

Det vert gjeve fritak ifølgje gjeldande takstreningslinjer.

- Passasjerar i alle type køyretøy
 - Gåande og syklende
 - Motorsyklar og mopedar
 - Køyretøy i merka gravfølgje
 - Køyretøy som nyttast til arbeid på bomvegen*
 - Kollektivtransport i konsesjonert rute*
 - Uniformerte utrykkingskøyretøy, samt sivile utrykkingskøyretøy i tenesteoppdrag*
- Fritaksordningar merka med * føreset elektronisk brikke og gyldig avtale.

For meir informasjon: www.ferde.no

Takstvedtaket kan klagast inn til Samferdsledepartementet innan tre veker frå kunngjering. Klage sendast Statens vegvesen Vegdirektoratet, Postboks 8142 Dep., 0033 Oslo.